

# Endringsforslag til programmet:

1. Pension, trygd og ytelser (bar nepensjon)  
(nytt kulepunkt s.12 linje 451)
  - At barn ikke skal være skattepliktige for bar nepensjon før man fyller 18 år

2. Klima, miljø og energi  
Endringsforslag s 67, linje 2879
  - „, samt vurdere panteordning for glassflasker”

3. Kultur  
Tilleggsforslag, s 77, linje 3208  
(nytt avsnitt)

“Norsk språk er under press på mange samfunnsområde, og Arbeidarpartiet vil styrke språkpolitikken for å sikre at norsk framleis skal vere eit fullverdig og samfunnsberande språk i landet vårt. Nynorsk og bokmål skal vere likestilte målformer. Som det minst brukte skriftspråket skal nynorsk fremjast og sikrast gode vilkår, mellom anna gjennom å sikre god nynorskkompetanse i lærarutdanningane, styrke sidemålsundervisinga, sørge for fleire digitale lærermiddel på nynorsk og sikre at kommunane både informerer godt om og oppfyller retten til å gå i eigen nynorskklasse gjennom heile grunnskulen.”

4. Skole  
Tilleggsforslag s. 30, linje 1230  
Nytt kulepunkt  
“få på plass et nasjonalt fraværsregister for ungdomsskole og videregående skole”

# Nye forslag til programmet (sendes inn til representantskapet i Rogaland):

## 1. Lostjenesten

### Forslag:

Sølvi Ona Gjul

Arbeidarpartiet må oppretthalde og finansiere losformidlingsentralane og sjøtrafikksentralane

### Begrunnelse:

Sikkerheits- og beredskapsmessige omsyn krev at Noreg med ei av dei lengste kystlinjene i verda, må ha både god trafikkovervaking og god losteneste. I dag har vi fem sjøtrafikksentralar (Horten, Brevik, Kvitsøy, Fedje, Vardø) og tre losformidlingssentralar (Lødingen, Kvitsøy, Horten). Begge tenestene er avgifts-/brukarfinansierte og ligg under Kystverket. Svært høg og aukande aktivitet i farvatna våre med både faste og flytande installasjonar saman med fiskeri og aukande ferdsel, krev høg beredskap her. Både plattformer, havvindmøller og ulike typar kablar kan vere mål for terror- eller krigshandlinger.

Kystverket er no ein etat under Nærings- og fiskeridepartementet. Ansvaret for Kystverket vart flytta frå Samferdselsdepartementet til Nærings- og fiskeridepartementet v/fiskeri- og havministeren ved regjeringsskiftet i 2021. Kystverket har ansvaret for losformidlingssentralane og sjøtrafikksentralane og får oppdrag og midlar gjennom det årlege tildelingsbrevet frå departementet. Dersom staten v/departementet finansierer desse sentralane over statsbudsjettet, vil sentralane vere «på bordet» ved kvar einaste budsjettbehandling. Det vil styrke bevisstheita om kor viktige desse tenestene er i totalforsvaret vårt, og det vil gi tryggheit både for dei som arbeider ved sentralane og for lokalsamfunna. Avgiftsordningane kan sjølvsgart vidareførast, men dei bør vurderast konkret i statsbudsjettet.

Totalforsvarskommisjonen leverte i juni 2023 ei grundig utgreiing. Deretter var utgreiinga på høyring med frist i oktober 2023. Eg er ikkje kjend med framdrifta for vidare behandling. I kap. 18.7.2 i NOU 2023:17 skriv kommisjonen at Overvåking og trafikkstyring er også viktig i et totalforsvarsperspektiv. Lostjenesten er en sentral del av totalforsvaret. Etter det eg kan sjá, har ikkje kommisjonen gjort noko nærmare vurdering av desse tenestene og av om det er behov tiltak for å sikre begge godt grunnlag for å ivareta ansvaret sitt i beredskaps- og forsvarssamanheng. Etter mitt syn tilseier dette at staten v/ansvarleg departement både må oppretthalde og finansiere losformidlingssentralane og sjøtrafikksentralane.

## 2. Helseforetak

Sølvi Ona Gjul

### Forslag:

Eg ber om at linje 1472 og 1473 blir endra slik:

Vi vil derfor avvikle helseforetaksmodellen og gjennomføre juridiske,

organisatoriske og økonomiske endringer for å sikre folkevalgt styring og god pasientbehandling

Begrunnelse:

Vekk med helseføretaka - sjukehus er ikkje butikk  
I førsteutkastet til program står det at vi vil ha éin felles helseteneste (s 35), og på neste side at «Vi vil derfor gjennomføre juridiske, organisatoriske og økonomiske endringer som gir pasientene den beste behandlingen i en felles helsetjeneste.» Dette er for uklart, vi må seie heilt tydeleg at helseføretaksmodellen skal avviklast.

Det var rett å overføre ansvaret for sjukehusa til staten i 2001, men organisering i føretak var og er i strid med dei tradisjonane vi har hatt for demokratisk styring og politisk kontroll av ei heilt sentral velferdsteneste. Folkevalde styre vart bytte ut med konsernstyre, og rekneskap med informasjon om bruken av tildelte midlar vart bytte ut med forretningsrekneskap og krav om lønnsemd. Lønnsemd er blitt eit viktigare kriterium for prioritering enn det som er viktigast etter helsefaglege vurderingar. No må denne byråkratiserande NPM-modellen fjernast.

### **3. Øke og skattlegge barnetrygden**

Sverre Uhlving

Forslag:

Øke barnetrygden vesentlig og samtidig skattlegge den.

Begrunnelse:

Barnetrygden er likevel en universell ordning.

Dette ble foreslått av det regjeringsnedsatte «barnefattigdomsutvalget» ledet av professor ved UiS, Mari Rege. Styret i Rogaland Arbeiderparti og Hadia Tajik har tidligere foreslått det samme. Finansdepartementet har også beregnet at barnetrygden nesten kan dobles uten at statens utgifter økes.

Barnetrygden vil fortsatt være universell. Det utbetales like mye til alle og når alle betaler skatt, vil de som tjener mest betale mest. Det vil si at man får en omfordeling gjennom skatteseddelen. Dette kan vanskelig oppfattes som behovsprøving eller som almisser, men som en omfordeling via skatteseddelen. Andre former for trygd og pensjon blir også skattlagt.

Det blir altså en omfordeling til fordel for de barnefamiliene som har minst uten at det får en sosial slagside og uten at det medfører press på økonomien med prisstigning og renteøkning.